



ROVVILTNEMNDA I REGION 3 Oppland

Til
Klima- og miljødepartementet
v/Ola Elvestuen
postmottak@kld.dep.no
og
Miljødirektoratet
postmottak@miljodir.no

Lillehammer 27.09. 2019

Konsekvensar av flytting av lisensfellingstider ulv – anmodning om forebyggande skadefelling

Viser til høyringsbrev med forslag til utvida lisensfellingsperiode for ulv sendt frå Klima- og miljødepartementet datert 5. desember 2017, om endring i forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt. Forslaget var å endre §10 femte ledd e) slik at lisensfellingsperioden for ulv utanfor ulvesona skulle bli utvida frå 1. oktober – 31. mars til 25. september – 30. april. Dette var for å avverge skadar på husdyr og tamrein i prioriterte beiteområde utanfor ulvesona.

Viser til svar på høyringsbrevet frå rovviltnemnda v/leiar datert 1. mars 2018 der vi viser til Fylkesmannen i Oppland si uttale kring endringar av fellingsperioden for ulv og nemnda gjev si tilslutning til det som gjekk på utvida lisensfellingsperiode på ulv utanfor ulvesona.

Resultatet av høyringa vart ei lisensfellingsperiode utanfor ulvesona frå 1. desember – 31. mai. Dette var ikkje noko tidspunkt som stod i høyringsbrevet og det vart heller ikkje noko reell utviding av lisensfellingsperioden, men heller ei forskyving. Dette har vi aldri hatt høve til å gje noko uttale på. Når vi no ser at det stadig er meir ulv i region 3 og det over lengre tid har vore ulv i området Nordre-Land og Sør-Aurdal med fleire periodar med skadefelling og ein del tap av sau, blir det vanskeleg å forsvare det som vart resultatet av høyringa.

Rovviltnemnda i region 3 har ved fleire høve og over fleire år påpeikt av lisensfelling av rovvilt gjerne kan falle saman med anna ordinær jakt fordi da er det jegerne ute likevel. Det gjeld lisensfelling av jerv som burde samanfalle med reinsjakta og dette gjeld også lisensfelling av ulv som burde samanfalle med elgjakta. Vi har ikkje hatt ulv i Oppland i den grad vi har hatt dei siste åra og rovviltnemnda er særskild bekymra over den utviklinga vi no ser.

Derfor vil vi sterkt anmode Miljødirektoratet om at det blir opna for forebyggande skadefelling av ulven som tydelegvis har slått seg ned i Nord-Land, Etnedal og Sør-Aurdal for å avverge skadar på husdyr og tamrein og for å avverge at det kan bli ei etablering av ulv i dette området.

I tillegg vil vi be Klima- og miljødepartementet som å revurdere forskyvinga av lisensfellingsperioden for ulv utanfor ulvesona og utvide lisensfellingsperioden til å gjelde frå 1. oktober – 31. mai.

Ber om snarleg svar!

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 3
c/o Fylkesmannen i Oppland
Serviceboks
2626 LILLEHAMMER

Leder for rovviltnemnda:
navn
telefon
e-post
Adressen til Rovviltnemndas hjemmeside

Saksbehandlar:
navn
telefon

Med helsing

Aud Hove,
leiar rovviltnemnda region 3/Oppland